



Tormod Myklebust imponerte av veteranane på bakkane rundt Avlsgarden. (Foto: Turnlagets heimeside)

Det kan ikkje vera tvil om at denne spesielle vinteren har vore ein kraftig stimulans for ski-aktiviteten i distriktet. Eit døme på det var det at rundt rekna 150 stilte opp då sesongens første karusellrenn og det første skirenn på 30 år i Rosendal vart avvikla i traktene rundt Avlsgarden og Baroniet søndag føremiddag.

Det deltok 78 i barnerennet og omtrent like mange i tevlinga etterpå.



Uskedelingen Ole Vidar Monsen på veg inn i ein ny god sesong. (Foto: Turnlagets heimeside)

Ver og føre var framifrå og rennet vart ei fin og frisk sundagsoppleving.



Det var også fleire unge uskedelinger med i barneskirennen. (Foto: Ola Matti Mathisen)



Sara P. Arnesen klar til start. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var også mange deltakarar frå Uskedalen, som gjorde seg sterkt gjeldande.

Ein av dei var ikkje overraskande skigruppeleiar Ole Vidar Monsen, som denne gongen gjekk 10-kilometeren på vel 33 minuttar. Men også veteranane frå vår bygd er på plass i løypa framleis og klart raskast i klassa 56-60 år denne gongen var Tormod Myklebust med knapt 39 minuttar.

I klasse 10 år og yngre var uskedelingane Sunniva Myklebust, Jørand J. Eide og Jacob Taranger med.

I klassa jenter 11 år , som gjekk 1,7 kilometer, vann Sara Guddal frå Rosendal på 8,42. Her vart Ingvill Myklebust frå Uskedalen nummer 4 med 9,55.

I klassa jenter 12 år vann Ruth Solheig Å. Bergane frå Matre med 8.32 medan Maren Bjørnebøle frå Uskedalen vart nummer 2 med 10.40

Kari Bråtun frå Uskedalen var einaste deltakar i klassajenter 14 år og ho gjekk 2,7 kilometer på 12,47.

I klassa jenter 15 var dei to deltakarane frå Uskedalen. Her gjekk Ingebjørg Haugland dei 3 kilometrane på 22,26 og Louise Å. Bergane på 25.36.

Einaste løpar i damer senior 31-35 år var Sara P. Arnesen som gjekk 5-kilometeren på 20.38.

Ole Vidar Monsen var einaste i seniorklassa 21-45 år og avvikla 10-kilometeren på 33,24.

I klasse menn senior 56-60 år vann Tormod Myklebust med 38,59 medan Bjarne Lilleaas vart nummer 2 med 41,40. Pål Haugland, den einaste som går i senior 61-65 år, kom inn på 41,56 denne gongen.

Turnlaget synte sin profesjonalitet på den absolutte heimebana med ei imponerende avvikling.

Sjølv om det ikkje var så mykje tilrettelagt her som det plar vera i Fjellhaugen, var det knapt nokon som merka at det måtte nokre dosar improvisasjon til her nede i "låglandet". Både teknisk tilretteleggjing og service for deltakarar og publikum var framifrå, med Avlsgarden som base.

Hvis vinteren held stand blir Avlsgarden kanskje arena for fleire renn snart?

Av Ola Matti Mathisen